

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte AU Midt-Norge  
**Tid/Sted:** Måndag 03.10.16 kl 10 - kl 12  
**Tilstede:** Ragnar Omli, Olav Håkon Ulfsnes, Ragnar Valstad, Arnt Ove Løvås, Kolbjørn Frøseth, Trine Hasvang Vaag og Bjørn Wæhre (sak 2)  
**Forfall:** Trude Sandstad Eldnes og Rigmor Hustad  
**Kopi til:** Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 3. oktober 2016

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p><b>Orientering frå styremøte 27. – 28.09 og konsernråd 28.09</b></p> <p>Trine orienterte om positivt resultat, der negativ effekt av brann i Tønsberg er lagt inn, men ikkje forsikringsoppgjer. 30 mill pga ikkje utbetalt tilleggsytingar inkludert. Morselskap står for mesteparten av resultat. Merkevarenadel fell fortsatt, redusert med 2,1 %. Råvarelager redusert, langt att til målet. Gjeldsbetjeningsgrad på 2,9, mål å vere under 3. EK-andel på 34 %.</p> <p>Lammesesongen pr veke 38 selt meir enn fjoråret. Tidleg levering, noko innfrysing. Spenning om salskurva held seg oppe. God samhandling med kjedene, men Coop kan verte betre på kylling. Matiq: Kjem på styremøtet i oktober.</p> <p>Totalmarked: Fortsatt overskot av lam i 2017, Islandsimport vert vurdert løysingar for. Egg: Forsiktig etablering, strategi for frittgåande egg skal utarbeidast. Storfe: Jobbast med langtidsprognose. Søknad om import av 1 000 livdyr er mottatt. Kvitt kjøt: Spenning til avtale med Norgesgruppen om volum og oppstart av levering av 1 400 g kylling. Skuldast etterspørsel etter større stykningsdelar. Ikkje nytt om Rema og slaktning av kylling.</p> <p>Eigarskulen: Høyring frå Norsk Landbrukssamvirke, positivt for målretta opplæring. Vurdert e-læring på grunnplanet. Talentutvikling.</p> <p>Storfekjøt: Kalveavtale frå 1. sept med tillegg på kr 400 pr livkalv, for å møte konkurransen.</p> <p>Ragnar orienterte. Storfekjøt: Viktig å ha tilgang på kalven, og nok norsk storfekjøt. Egg: Positiv utvikling. Lam: Like stort overskot som på gris, må halde tilbake på nyetablering. EMV: Bør ha langsiktige avtalar. Marknad: Veksande på egg, auka etterspurnad etter egg frå frittgåande. Markedsreguleringsavtale: KLF med, godt forankra politisk. Vidare orientering i møtet om marknadsføring og sal. Utbygginga på Malvik går på skinner. Ragnar utfordra Konsernrådet om at det vart starta så tidleg så råd med innspel til jordbruksforhandlingane. Vidare prognosar for storfekjøtproduksjon. Regional mat i Midt-Norge: Bør leggast strategi. Helse, berekraft og dyrevelferd vart nemnt av fleire. Kritikk for at det var lite rom for dialog og innspel frå salen, mest einvegskommunikasjon, i staden for å vere arbeidsverkstad.</p>	
	<p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>Fekk utdelt tertialrapport på Konsernråd. Kundane betaler mindre for råvarene våre.</li><li>Fagutval fjørfe har diskutert bidragsutvikling på kvitt kjøt. Veldig positiv utvikling på merkevare.</li></ul>	Tor Olav

- Er det vurdert kor mykje lam som kjem på nyåret pga tilskot, og plan for å selje det?
- 4 tidl kyllingprodusentar i Namdalen har no fått tilbod om å byrje med egg, i tillegg til 1 i Agder.
- Sårbart korleis eggetablering vert informert og kommunisert.
- Ta Grep: Reagerte på kostnaden ved kurset, bør kunne reduserast. E-læring bør ikkje erstatte fysisk opplæring, men vere kompletterande.
- RU-leiarar og nestleiarar bør vel også vere flinke til å melde inn saker til Konsernrådsmøtet.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. AU etterspør strategi for sal av lam på nyåret.**

Roy

## 2 Orientering status haustsesongen

Bjørn orienterte. Lam i Midt-Norge: Slakta 25 % over fjoråret, men ei veker forskyving. Kvar veke hittil vore overskot eller marknadsdekning. Salet gått veldig bra. Spenning kor mykje det tidlege salet påverkar seinare i sesongen. Malvik: Praktisk talt ikkje hatt skyving, med unntak av august. Har slakta 3 laurdagar. I veke 42 kjem vaksensauen. Snitt vekt i Midt-Norge 700 g lågare enn i fjor (800 g i landet).

Storfe: Stor slakting, skyving maks no. Denne veka skyving av 100 storfe utover 5 veker. Neste år tankar om å prøve å få slakting tidlegare på sommaren. Gris: Stor slakting i haust, reduserte vekter.

### Spørsmål/kommentarar:

- Har vi sesongfolket lenge?
- Svar: 14 dg oppseiingstid, sender truleg nokon heim frå veke 43.
- Forslag om å sende ut mail til lammeringsleiarane og be om innspel på kor mykje som står att å slakte, som ikkje vert utsett til nyåret?
- Samarbeid med butikkar på nyåret byrjar vel å verte litt seint no? Bør få til kampanjar.
- På kort sikt må vi ha kampanjar for sal. Treng også å ha langsiktig strategi, har etterspurt dette. Salet har gått ned siste par åra, er veksande no.
- Bekymring for ny teljedato på storfe, vanskeleg å få storfe på sommaren. Må etterspør strategi.
- Leiar i M&R Sau og Geit vart intervjuet på NRK i dag, var bekymra for antal saueprodusentar framover pga høg snittalder.
- Er 2 300 lam pr dag slakting både til Midt-Norge slakteri og Nortura?
- Svar: Ja, knappe 10 % til Midt-Norge slakteri
- Skryt for årets seosng, positivt å vere lammeringsleiar i år ☺

Bjørn

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. AU etterspør strategi for tidlegare levering av storfe neste sommar med ny teljedato.**

Roy

## 3 Ny Giv i kretsarbeidet

Trine orienterte om at styret ikkje var veldig fornøgd med forslaget, hadde ikkje trua på det. Vedtektskomiteen skal bistå org leiar gruppa. Klar forventning ute om at det skal skje noko, vurdere prøveordning for å vurdere ønska effekt. Leiar og nestleiar i AU si rolle er ikkje ivaretatt med forslaget. Styret hadde ikkje konkret konklusjon. Kva ynskjer vi å oppnå? Er pålagde 3 møter vegen å gå? Valkomitéarbeid og personleg engasjement er viktig. Kvar skal ressursane brukast? Belønne samarbeidsprosjekt mellom fleire kretsar. Løfte regionalt nivå. Avvente vedtektskomiteen, bør opp på RU-møtet i november. Bør førebu kretsane på at det kjem som sak.

### Innspel:

- Kva er ynskjeleg skal skje i kretsane? Målet med kretsane må vere trivsel for eigarane, og oppfølging av kvar enkelt medlem for fortsatt å vere medlem. Er relasjonsarbeid.
- Tillitsvalgt for lokale leverandørar, må også informere om drift og selskapet.
- På kretsmøta er rekneskap hovudtema, er ikkje sikker på at det opptek og fenger

- godt nok.
- Å engasjere kretsleiarane i kvardagssamvirke viktig, og at dei gjev innspel.
- I helga hadde kretsutvalet stand på Open gard på Øya, men kretslaier vart ståande åleine.
- Brukar vi for mykje ressursar på kretsane, utan å få ønska effekt?

**Vedtak: Avventar vidare arbeid til avklaring frå Vedtektskomitéen.**

---

4 **Planlegging av RU-møte 01. – 02.11**

Brit Kari gjekk gjennom køyreplanen.

Innspel:

- Org kart etterspurt for Midt-Norge.
- Ynskjeleg med eit storfekjøttprosjekt også i Nord-Trøndelag. Fylkesmannen har vore positiv. Kva er status?
- Bør vi ha prognose for storfejøttproduksjonen før nye prosjekt vert sett i gang?
- Dyrehelsetemaet: Temaet vil kome høgt opp på dagsorden seinare også. Be om at det vert fokusert på dyrehelse i innlegget til Rakkenes.

Brit Kari

Roy

**Vedtak: Administrasjonen jobbar vidare med køyreplanen for RU-møtet.**

---

5 **Oppnemning av ressursgruppe gris**

Rigmor hadde forfall til møtet. AU ynskjer å oppnemne ressursgruppa pr mail.

**Vedtak: AU vil oppnemne ressursgruppe gris pr mail, etter forslag frå Rigmor.**

---

6 **Eventuelt**

Arnt Ove orienterte frå kyllingmøtet: Godt oppmøte. Arne Kristian Kolberg orienterte, stadfesta at Nortura skal vere tilstades i Trøndelag. Slakteri Elverum, evt i samarbeid med Rema. Bondelaget vil fylgje opp i etterkant. Tryggheit for at Nortura vil ivareta produsentane. Marknad: Ikkje utvikla seg som ynskt. Kommenterar frå produsentane på transportkostnad til slakteri.

Gledeleg at 4 tidlegare kyllingprodusentar får starte opp med eggproduksjon.

Ca 4 000 besøkande på 5 timar på Open gard på Øya vg skule, heilgrilling av lam og smaksprøver spekemat i regi av kretsutvalet.